

Kan bidra til å redde liv

21.09.2010



Tobias og Jonny – kan bidra til å redde liv.

**Arbeidsbåten Tobias, som hører til selskapet Sjøtroll Havbruk, kan bidra til å redde liv på fjorden hvis den blir kopla til varslingsrutinane.**

Det fastslår røkter Jonny Hansen som viser til dei to siste og heldigvis vellukka redningsoperasjonane i distriktet. Men då var både helikopter, ferje, redningsskøyte og andre båtar mobiliserte i den eine operasjonen og det var ikkje billeg.

Tobias blir brukt dagleg og året rundt i arbeidet med røkt av fisken ved oppdrettsanlegget utanfor Skorpo. Det er ein solid båt, 35 fot lang og med ein motorkraft på 450 hestekrefter.

-Har vi det travelt kan vi gjera 22 knop, opplyser Jonny, som viser til lokale og til dels dramatiske hendingar der båten kunne vore i aksjon og berga folk. Men det er sjølvsagt ein føresetnad at dei blir varsle raskt og Jonny etterlyser eit rutineopplegg for varsling via politiet.

Hvis ein tek som døme motorstoppen som råka to karar utanfor Skorpo for stutt tid sidan trur han at Tobias kunne ha vore ved den styringslause båten etter 15-20 minutter. Ansatte i oppdrettsnæringa har allereie vore med og redde folk i området som har fått motorstopp eller køyrt på land.

Jonny Hansen er no spent på kva til dømes politiet meiner om saka.

Tekst og foto: Ola MattiMathisen